



Norges Vassdrags- Og Energidirektorat (nve)
Thomas Haugland
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Referansenr.	Saksnr.	Saksh.	Dykkar ref.	Brevdato
23/13529	23/721	Arne-Richard Stadaas post@bjornafjorden.kommune.no https://bjornafjorden.kommune.no/	0/0 - 0	01.03.2023

Avklaring om konsesjonsplikt for bygging av mikrokraftverk - uttale frå Bjørnafjorden kommune

NVE har bede Bjørnafjorden kommune om uttale for å avklare om regulering/bygging av eit mikrokraftverk på Havsgård, gnr/bnr 118/12 m.fl. vil løyse ut krav om konsesjon. Administrasjonen har gjennomført ei synfaring langs vassdraget og gjort vurderingar ut frå omsyn til naturmangfald, kulturmiljø og friluftslivsinteresser. Feltnotat frå synfaringa er lagt ved og syner at vassdraget har til dels høg verdi for naturmangfaldet og ikkje minst som landskapselement. Under synfaringa vart det registrert den viktige naturtypen, «fosseberg» og fleire gode tilhøve for gyting for fisk.

Det er kommunen si oppfatning at kunnskapsgrunnlaget er for svakt til at saka kan handsamast vidare i ein plan- og byggjeprosess utan at det er gjort ei nærare kartlegging av dei vassdragsnære områda etter kartleggingsinstruksen til Miljødirektoratet (NiN). I tillegg må det gjennomførast ei grundig fiskebiologisk undersøking med mellom anna el-fiske for å dokumentere rekrutteringspotensialet til elva samt muleg oppgang for sjøaure. Det må óg leggjast fram før vidare kommunal sakshandsaming ein uttale frå kompetent, uavhengig tredjepart om kva effektar ei eventuell utbygging vil ha for dei visuelle, økologiske og hydrologiske (m.a. flaum) verdiane knytt til vassdraget. Opplistinga er ikkje meint å vere uttømmende, men som illustrasjon på at ein ikkje ser på framlagt informasjon som tilstrekkeleg kvalitetssikra beslutningsgrunnlag for vidare handsaming.

Administrasjonen har ikkje funne kulturminne-/miljø eller etablerte friluftslivsinteresser i influensområdet med unnatak for naustmijøet på Nedre Havsgård. Det er vanskele å sjå at den planlagte reguleringa av vassdraget vil ha negativ påverknad på kultur- og/eller friluftslivsinteressene i området.

Med vennleg helsing

Runar Lunde
Kommunalsjef

Arne-Richard Stadaas
Klima- og miljøvernrådsgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.



Vedlegg:
Feltnotat og miljøfaglege vurderingar